



Saksbehandlar: Runar Rueslåtten Paulsen Tlf. 52 75 70 24

Dykkar ref:

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-52	Doknr.:
Mottatt: 29 APR 2010	
Saksbeh.: SEB/ASR	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

HØYRINGSUTTALE - FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM NYDYR KING

Forslaget var oppe til behandling i kommuneutviklingsutvalet 22.04.2010. Vedlagt ligg samla saksframstilling og vedtak.

Med helsing

Runar R. Paulsen
Runar Rueslåtten Paulsen
Miljøvernrådsgjevar

Dato:14.04.2010
Saksnr.:2010/352
Løpenr.:9869/2010
Arkiv:V10

Sakshandsamar:Runar R. Paulsen

HØRING- FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM NYDYR KING

Saksnr	Utval	Møtedato
52/10	Kommuneutviklingsutvalet	22.04.2010

SAKSUTGREIING:

Innleiing og faktaopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet har den 17.02.2010 fremma forslag om endring av forskrift om nydyrking. Forslaget er sendt ut på høyring til blant anna alle kommunar i Noreg med svarfrist innan 30. april 2010.

Bakgrunnen for endringa i forskrifta er at ein ønskjer å redusere framtidige utslepp av CO₂ frå jordbruksjord ved å stanse nydyrking av myr. Myr inneheld store mengder CO₂ som blir frigjort til luft ved dyrking og drenering av myr. Dette varer i fleire år til heile torvlaget er brote ned eller grunnvatnet er heva til naturleg nivå igjen. Nedbrytning av organisk materiale fører også til frigjoring av nitrogen som kan lekke ut som lystgass (dinitrogenoksid, N₂O). Lystgass er ein klimagass kor 1 kg gass tilsvarar same oppvarming som om lag 300 CO₂ ekvivalentar.

Med heimel i jordlova § 11, 2. ledd kan det for å unngå skade på natur- og Kulturlandskap "fastsettes forskrift for nydyrking. Det kan fastsette forbod mot nydyrking, og at nydyrking berre kan skje i samsvar med plan godkjend av departementet". Departementet meiner etter dette at risiko for auka klimagassutslepp omfattast av jordloven § 11, 2. ledd, og føreslår at dette kommer tydelig til uttrykk i forskrift om nydyrking ved at det i § 1 nytt tredje punktum (føremålsbestemminga) fastsettes at det skal tas omsyn til om den nydyrking saken gjelder kan ha følgjer for klimaet.

Det føreslåas at definisjonen av nydyrking i forskrifta § 3 bli endra slik at søknadsplikta i noe større grad enn i dag fangar opp areal som har gått ut av drift, og då særleg myr. Forslaget inneberer at gjenoppdyrking av jordbruksareal som har vært unytta i over 20 år, eller som på grunn an manglande vedlikehald av drenering har gått over til å bli myr, skal regnast som nydyrking. I dagens forskrifter gjelder dette jordbruksareal som har vært unytta i over 30 år.

Det føreslåas vidare at det ved avgjersle av søknad om løyve til nydyrking skal fastsettes i § 5 et nytt tredje punktum som inneberer at det skal tas omsyn til om tiltaket kan medføre klimagassutslepp. Forslaget inneberer at faren for klimagassutslepp blir et av fleire moment som skal vurderast i forbindelse med slik søknad.

Ut frå de klimamessige ulemper som oppstår ved nydyrking av myr, føreslåas det i § 6 at det skal innførast eit forbod mot nydyrking av myr med eit areal over 2 daa. Vidare føreslåas det at forbodet mot nydyrking gjelder myr der torvlaget er minst 30 cm.

Samtidig foreslåas det ein endring i § 9, 2. punktum som tydeliggjer at risikoen for auka

klimagassutslepp skal vurderast for større områder uavhengig av eigedomsgrenser.

Det er betydelige kostnader knyta til nydyrking for den enkelte grunneigar. Samtidig vil det også være kostnader for den enkelte grunneigar ved å skaffe seg alternativt areal. Det vil både være miljøkostnader knyta til oppdyrking av myr og samfunnsgevinstar gjennom auka norsk matproduksjon. Det er ikkje gjennomført ein heilhetelig analyse av samfunnskostnadene ved eit forbod mot nydyrking av myr, men departementet antar at kostnaden er låg.

Departementet legger til grunn at nydyrking av myr som det er gitt løyve til før forskrifta trer i kraft, kan gjennomføres i tråd med løyve.

Vurdering og konklusjon:

Endringa er, slik rådmannen ser det, eit godt tiltak for å nå måla satt for reduksjon av klimagassutsleppa frå landbruket. Men endringa kan få store konsekvensar for enkelte gardbrukarar. Det bør difor i enkelte høve kunne opnås for nydyrking av myr viss alternativa ikkje er driftsmessig forsvarlege. Difor bør det tilføyas ein paragraf med kriterium for dispensasjon til nydyrking av myr.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommuneutviklingsutvalet i Tysvær kommune er i utgangspunktet positive til at forskrift om nydyrking blir endra for å oppnå reduksjon av klimagassutsleppa frå landbruket.
2. For å unngå utilsikta store konsekvensar for enkelte gardbrukarar meiner kommuneutviklingsutvalet at det bør tilføyes ein paragraf som opnar for dispensasjon frå forskrifta etter bestemte kriterium.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Arild Karlsen
Kommuneutviklingssjef

Vedlegg:
Høringsbrev
Forslag til endringar

PS 52/10 Høring - forslag om endring i forskrift om nydyrking

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommuneutviklingsutvalet i Tysvær kommune er i utgangspunktet positive til at forskrift om nydyrking blir endra for å oppnå reduksjon av klimagassutsleppa frå landbruket.
2. For å unngå utilsikta store konsekvensar for enkelte gardbrukarar meiner kommuneutviklingsutvalet at det bør tilføyes ein paragraf som opnar for dispensasjon frå forskrifta etter bestemte kriterium.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Arild Karlsen
Kommuneutviklingssjef

BEHANDLING I KOMMUNEUTVIKLINGSUTVALET -22.04.2010

Forslag frå Ola Apeland:

1. Kommuneutviklingsutvalet i Tysvær ser ikkje at det er gode nok grunner til å innføra ny forskrift som vil prioritera tiltak for å redusera klimautslepp.
2. For å unngå utilsikta store konsekvensar for enkelte gardbrukarar meiner kommuneutviklingsutvalet at det bør tilføyes ein paragraf som opnar for dispensasjon frå forskrifta etter bestemte kriterium.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst (Dag Halvorsen (AP)).

Forslag frå Ola Apeland (SP) fekk 6 røyster (Ola Apeland (SP), Håkon Lilleskog (H), Karsten Arne Larsen (FRP), Terje Knoff (H), Marit Hølland Gjedrem (SP), Kristine aurdal (KRF)).

VEDTAK I KOMMUNEUTVIKLINGSUTVALET -22.04.2010

1. Kommuneutviklingsutvalet i Tysvær ser ikkje at det er gode nok grunner til å innføra ny forskrift som vil prioritera tiltak for å redusera klimautslepp.
2. For å unngå utilsikta store konsekvensar for enkelte gardbrukarar meiner kommuneutviklingsutvalet at det bør tilføyes ein paragraf som opnar for dispensasjon frå forskrifta etter bestemte kriterium.